

# Lær deg å forstå kartet

Kart er smart, lærerikt og veldig viktig å kunne lese og følge! Lær deg å forstå informasjonen, så blir kartet ein god turven.



VANSKELIGHETSGRAD  
Medium



KATEGORI  
Natur



TIDSBRUK  
Lang



FARGE  
Blå



Les mer på  
4h.no

## Beskrivelse av oppdraget

***Kva er egentleg eit kart? Kartverket fortel: Eit kart er ei forminska teikning av ein del av jorda si overflate sett rett ovafrå, i ein bestemt målestokk. Kartet er det viktigaste hjelpemiddelet vårt når vi skal ta oss fram i ukjend terreng.***

***Former og detaljar i terrenget blir gjevne att med teikn og symbol som vi kallar kartteikn. Viktige ting blir framheva og uviktige ting utelatne.***

Når vi held kartet slik at vi kan lese det som står på kartet, peikar som regel den øvste kartkanten mot nord. No kan du opne lenkja frå Kartverket ["Kva er kart"](#) og lese vidare om målestokk og ekvidistanse.

**Høgdekurvene** er spesielt viktige å lære seg. Viser kartet at høgdekurvene er tette på ein bestemt plass, er det nemleg stupbratt i terrenget der også.

Eit anna mykje brukt ord med kart er **orientering**. Orientering er å ta seg fram i terrenget ut i frå den informasjonen vi finn på, lærer oss og nyttar frå kartet vi har over området.

**Målestokk** i kartet er greit å lære seg. 1:50 000 og 1:100 000 er dei to vanlegaste for turkart. 1-talet står for éin centimeter på papiret. Det store talet bak står for centimeter i terrenget. Med andre ord: er målestokken 1:50 000, vil éin centimeter på papiret tilsvare 500 meter i terrenget. Dermed kan du måle kor lang turen vil bli ut frå det du ser på kartet.

Lang erfaring viser uansett at det du må kunne betre enn noko anna for å orientere korrekt, som er så avgjerande for om turen skal bli vellukka eller ikkje, er å kunne lese informasjonen som gjevast på kartet! Gjer det derfor til ein vane å studere kartet grundig, både før, under og etter turen. Set deg inn i kva dei forskjellige symbola i teiknforklaringa betyr. Prøv å gjenkjenne innsjøar, øyer og fjelltoppar ut frå det du ser på papiret.

**Hugs!** Det er viktig å ikkje stole blindt på kartet. Skal du på tur i nye villmarksområde der du ikkje er kjend med forholda, kan det løne seg å ringje kjentfolk for å sjekke at vegen inn faktisk er farande.

## Utstysliste

Turkart

Den gamle hengjebrua kan vere øydelagt og ikkje lenger trygg leielinje over elva.